



Arkivnr: 2018/12224-26

Saksbehandlar: Inger Lena Gåsemyr, Tone Stedal Haugland, Sarah Wahlberg Lund, David Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.10.2018

Tilskotsordninga Museumsløft 2018 - Fordeling av midlar**Samandrag**

Føremål med ordninga:

Museumsløft skal styrke musea og vidareutvikle gjeldande satsingar frå Regional plan for museum 2011-2015. Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.

Generelt:	
Budsjett 2018	2 860 000
Fondsmidlar	1 707 605
Søknadsfrist 2018	20. august
Vedtaks kriteria og retningslinjer: Vedtekne innsatsområde	KIRU 20.06.2017: PS 89/2017 FUV 03.05.2018: PS 105/2018 Tiltak A: Styrkje musea i høve drift og investeringar Tiltak B: Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015 Tiltak D: Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvalting Tiltak E: Tiltak som kan styrke samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige
Kriteria og informasjon om ordninga:	https://www.hordaland.no

Fordeling 2018:	
Tal på søknader	20
Tal på søknader som er tilrådd støtte	10
Samla søknadssum	8 871 950
Tilrådd fordeling	4 567 605

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:Alle tilrådde prosjekt er i samsvar med vedtekne satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 *PREMISS*:*Kultur* med handlingsprogram og kriteria og retningslinjer i «Museumsløft 2017», vedtekne i KIRU

20.06.2017, jf PS 89/2017 og revidert i FUV 03.05.2018: PS 105/2018. Det er i budsjett for 2018 sett av kr.

2 860 000. I tillegg vert det fordelt fondsmildar på kr. 1.707.605 til Museumsløft 2018. Midlane frå disposisjonsfond har vore sett av til tilsvarande føremål som tilskotsordninga: Museum - Bygningvernskonsulentordninga (900 000), Ålmenne kulturminneføremål - Stend hovedgård (607 605) og Kompetansebyggjande tiltak kulturminne (200 000).

I vurderinga har fylkesrådmannen lagt vekt på at midlane skal fordelast til prosjekt og tiltak som bidreg til gjennomføringa av dei vedtekne innsatsområda A-E (over). Ein har i tillegg vurdert gjennomføringsevne og realisme i prosjekta, tiltaka sin kvalitet, korleis dei profilerer musea som samfunnsaktørar, om dei inneber fornying og løysing av aktuelle utfordringar for dei konsoliderte musea i Hordaland.

Dei ti konsoliderte musea har hatt høve til å sende inn ein søknad kvar på eit prioritert tiltak. I tillegg har musea kunne sende inn ein eller fleire fellessøknader med eit eller fleire av dei andre konsoliderte musea. I «Museumsløft 2018» har i tillegg tiltak som kan styrke samhandlinga mellom dei konsoliderte musea, kommunane og det frivillige kunne søke støtte. Prosjektsøknadene er i år relativt jamt fordelt mellom ei ulike regionane i fylket.

Bergen Sjøfartsmuseum blir ikkje tilrådd sin søknad, men Fylkesrådmannen vil vurdere søknad som er sendt inn til tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. Bymuseet får i år tilskot til «Utprøving av metode for omorganisering av eksisterande museumsmagasin» - eit prosjekt dei har saman med Museumssenteret i Hordaland, Bevaringstenesta. Prosjektet vil ha stor overføringsverdi og samstundes har relevans for utvikling av Hordamuseet på Stend. Museet vert tilrådd å vidareutvikle søknad om prosjekt til utviklingsplan for Hordamuseet med bakgrunn i ei grundigare utgreiing. Museumssenteret i Hordaland, Bevaringstenestene søknad om «Ønska utviding og utvikling av Bevaringstenestene» vert heller ikkje tilrådd i 2018. Intensjonen med prosjektet er god, men må initierast av den nye fylkeskommunen etter regionreforma og når nytt museumslandskap er etablert. Fylkesrådmannen er positiv til søknaden frå Museumssenteret i Hordaland; «Kulturarv skapar framtid - felles løft for tekstilsamlingar og kunnskapsarv», som dei har i lag med Museum Vest, Hardanger og Voss museum og Sunnhordland museum. Prosjektet treng å utviklas og spissast meir før det kan få tilskotsmidlar frå Museumsløft. Sunnhordland museum søknad om «Prosjektlearstilling; Samhandling mellom Sunnhordland museum og kommunane», vert ikkje tilrådd, då Fylkesrådmannen vurderer at museet må løyse denne oppgåva innanfor eksisterande driftsrammer. Fylkesrådmannen vonar museet har tett dialog med Samarbeidsrådet i Sunnhordland og kommunane i arbeidet med kommunal museumsstrategi.

Søknader som fell utanfor tilskotsordninga sine kriteria og retningslinjer er:

- Fedje kommune/Museumssenteret i Hordaland sin søknad om drift av utstilling.
- Kvinnherad kommune: Revitalisering og modernisering av Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga.
- Laksevåg kulturhistoriske forening: Oppgradering og vedlikehald av vårt museum.
- Samlingsrådet (Museumssenteret i Hordaland/Bevaringstenestene): Bufferkonto for dokumentasjon v. plutseleg nedlegging av industriverksemder.
- Tysnes kommune/Sunnhordland museum: Olavsgildet på Onarheim for barn og unge.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesrådmannen sine grunngjevne vurderingar i søknadsoversikten i tabell knytt til saka.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 4.567.605 til Museumsløft 2018. Dette utgjør kr. 2.860.000 frå budsjettpost 400.660.52 Museumsløft og fordeling av fondsmildar på kr. 1.707.605.

	Søklar	Prosjektnamn	Totale utgifter NOK	Søknads-sum NOK	Løyving NOK
1.	Baroniet i Rosendal	Formidlings- og forskingsstrategi Baroniet Rosendal 2017-2021 – Nye digitale utstillingar.	262 500	200 000	100 000
4.	Hardanger og Voss museum	Etablering av læringsarena for fagskuleutdanninga «Klassisk restaurering og bygningshandverk» og utviklingsprosjekt for læringsarena for vidare- og etterutdanning i tradisjonshandtverk.	1 338 950	1 338 950	1 276 950
5.	KODE	Ny båt til Lysøen - finansiering av kaianlegg.	2 335 000	625 000	625 000
6.	Kraftmuseet (NVIM)	Boliden-arkivet - 1. del av 3-årig prosjekt.	2 800 000	250 000	250 000
10.	Museumssenteret i Hordaland (BEV)	Utprøving av metode for omorganisering av eksisterande museumsmagasin.	1 740 000	900 000	700 000
11.	Museumssenteret i Hordaland (BEV)	Temadag for <i>Beredskapsgruppa for arkiv og museum i Hordaland.</i>	50 000	50 000	20 655
13.	Museumssenteret i Hordaland	Oppfølging <i>Museumsløft-Kulturhistoriske bygningar og bygningsvern ved musea i Hordaland.</i>	900 000	900 000	730 000
16.	Museum Vest	Portal til Det Nye Hanseatiske Museum – Midtbygget på Bryggen.	1 088 200	525 000	525 000
17.	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Kommunal museumsstrategi.	145 000	85 000	40 000
18.	Sunnhordland museum	Tredelt satsing på maritim industrihistorie.	830 000	300 000	300 000
				Til saman	4 567 605

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling avslår følgjande søknader:

	Søklar	Prosjektnamn	Totale utgifter NOK	Søknads-sum NOK	Løyving NOK
2.	Bergens Sjøfartsmuseum	Modernisering og oppgradering av Bergens Sjøfartsmuseum, deltiltak heis.	1 000 000	600 000	0
3.	Bymuseet	Helhetlig utviklingsplan for Hordamuseet	550 000	450 000	0
7.	Kvinnherad kommune	Revitalisering og modernisering av Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga.	7 620 000	500 000	0
8.	Laksevåg kulturhistoriske forening	Oppgradering og vedlikehald av vårt museum.	178 000	178 000	0
9.	Museumssenteret i Hordaland (BEV)	Bufferkonto for dokumentasjon v. plutselig nedlegging av industriverksemder	150 000	150 000	0
12.	Museumssenteret i Hordaland (BEV)	Ønska utviding og utvikling av Bevaringstenestene, fellestenestene for musea i Hordaland	345 000	230 000	0

14.	Museumssenteret i Hordaland	Kulturarv skapar framtid - felles løft for tekstilsamlingar og kunnskapsarv	870 000	420 000	0
15.	Fedje kommune - Museumssenteret i Hordaland	Utstilling på Fedje	300 000	300 000	0
19.	Sunnhordland museum	Olavsgildet på Onarheim for barn og unge	150 000	120 000	0
20.	Sunnhordland museum	Prosjekteiarstilling; Samhandling mellom Sunnhordland museum og kommunane	750 000	750 000	0

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.